



DEN NORSKE KYRKJA

Leveld, Torpo og Ål sokneråd

Møtebok

Leveld, Torpo og Ål sokneråd
Ål, Møte 09.09.2025

Møtestart: Kl 16.30 Ål kyrkjestugu
Møteslutt: Kl 17.45

Til stade:

Medlemer: Inger Haug (Leveld), Frøydis Stoveland Dekko (Torpo), Kari Kristine Flatland (Torpo), Audun Vestenfor (Ål), Anne Kjersti Frøyen (Ål), Arild Øystese Hansen (Ål), Ingrid K. Hajem (Ål), Sigmund B. Kruse (vikarierende sokneprest), Kristoffer Lønning Tørresen (setteprost)

Varamedlem: Ingen

Andre: Kristoffer Krohn Sævre, sekretær

Forfall: Liv A. Solberg

Opning v/Frøydis Stoveland Dekko

SAKSLISTE:

SR-sak 33/25: Godkjenning av referat frå møtet 27.05.25 og innkalling 09.09.25

SR-sak 34/25: Innsetjing ny sokneprest 19. oktober

SR-sak 35/25: Markering av endra truedkjenning på nynorsk

SR-sak 36/25: Orienteringssaker

SR-sak 37/25: Søknad om fritak frå soknerådet

SR-sak 38/25: Endring i diakoniutvalet

SR-sak 39/25: Endring i nemnd for folkemusikk og gudsteneste

SR-sak 40/25: Opne dører på besøk i november

SR-sak 41/25: Kyrkjevevja bidra i kyrkjebladet

SR-sak 42/25: Jubileumsbok Øystein Lappegard

SR-sak 33/25: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 27.05.25 OG MØTEINNKALLING 09.09.25

Saksopplysningar:

Møtebok frå møtet i Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 27.05.2025 vert lagt fram for eventuelle korrigeringar og til godkjenning.

Møteinnkallinga for møtet 09.09.2025 er lagt fram for godkjenning.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 09.09.2025

VEDTAK: Leveld, Torpo og Ål sokneråd godkjenner møteboka frå 27.05.2025.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd godkjenner innkallinga til møtet 09.09.2025.

SR-sak 34/25: INNSETJING AV NY SOKNEPREST

Saksframlegg:

Sokneprest Marianne Bergsjø Gammelsæter tiltrer som sokneprest i Ål 6. oktober. Det blir innsetjingsgudsteneste 19. oktober i Ål kyrkje kl 11 der prosten deltek og innsetter, og soknerådsleiar les kallsbrev. Barnegospelkoret er satt opp til å synge.

Soknerådet bør fordele oppgåver inkl. ei utvida kyrkjekaffe.

Det foreslås at soknerådet deltek i prosesjon i oppstarten av gudstenesta.

Soknerådsleiar les kallsbrevet.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 09.09.2025

VEDTAK: Soknerådet ynskjer den nye soknepresten velkomen og ser fram til insetjing 19. oktober.

Inger og Ingrid kan planlegge og gir beskjed om oppgåver.

SR-sak 35/25: MARKERING AV ENDRA TRUVEDKJENNING PÅ NYNORSK

Saksframlegg:

Kyrkjemøtet 2025 vedtok å endre den nynorske truedkjenninga ved å omtale Gud som ein aktiv skapar, slik bokmålsversjonen også gjer: «Eg trur på Gud Fader, den allmechtige, skapar av himmel og jord.» Tatt betraktning det lokale eigarskapet i denne saka foreslås det å gjere ei markering av den nye ordlyden, og kanskje kan me kombinere det med biskopens visitas til Hallingdal 25.-26. november.

Soknerådet kan vurdere ei kveldsmesse eller aftensong, evt flytte fram kveldsgudstenesta frå 30. november.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 09.09.2025

VEDTAK: Soknerådet ynskjer å markere den nye ordlyden i truedkjenninga på nynorsk og ber soknerådsleiar og kyrkjeverja sette dato i samråd med biskop, gjerne 27. november om mogeleg.

SR-sak 36/25: ORIENTERINGSSAKER

Saksframlegg:

- På grunn av presteressursar må gudstenesta 30. november flyttast til kveldstid kl 19. Det er innafør prosten mynde å flytte tidspunkt på gudstenester.

- Mamas Garden (Gryting) har ved fleire høve hatt julekonsertar i Ål og Torpo. Dei har tatt kontakt for å høyre om interessa og høvet til å ha julekonsert komande desember. Staben foreslår å ta stilling til invitasjonen ut ifrå normale kriterier ved utleige og arrangement.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 09.09.2025

VEDTAK: Soknerådet takkar for orienteringane.

SR-sak 37/25: SØKNAD OM FRITAK FRÅ SOKNERÅDET

Saksframlegg:

Marianne Laa søker om innvilga fritak frå vervet som soknerådsmedlem i Level, Torpo og Ål sokn grunna endra bu- og arbeidssituasjon.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 09.09.2025

VEDTAK: Soknerådet innvilgar Marianne Laa fritak frå vervet som varamedlem i soknerådet for

Leveld, Torpo og Ål sokn frå 1. oktober 2025. Andrevara Wenche Skår-Ekse vert fast vara frå og med 7. oktober-møtet. I tillegg vil soknerådet spørje om Wenche vil bli del av Kyrkjeleg

Undervisningsutval.

SR-sak 38/25: ENDRING I DIAKONIUTVALET

Saksframlegg:

Tor Sletten har flytta frå Ål og går ut av diakoniutvalet. Berit Svarteberg Haugo er spurt om bli del av utvalet og ho er positivt innstilt.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 09.09.2025

VEDTAK: Soknerådet takkar Tor Sletten for innsatsen i diakoniutvalet.

Soknerådet utnevner Berit Svarteberg Haugo til medlem i diakoniutvalet og takkar for at ho er villig.

SR-sak 39/25: ENDRING I NEMND FOR FOLKEMUSIKK OG GUDSTENESTE

Saksframlegg:

Kjellfred Dekko takkar for seg i nemnd for folkemusikk og gudsteneste frå og med 2026.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 09.09.2025

VEDTAK: Soknerådet takkar Kjellfred Dekko for innsatsen i nemnda gjennom mange år.

Soknerådet vil jobbe med å finne eit nytt namn til nemnda innan november-møtet.

SR-sak 40/25: OPNE DØRER PÅ BESØK I NOVEMBER

Saksframlegg:

Normisjon foreslår å invitere Pål Brenne frå Åpne Dører til å tale i Ål kyrkje i november i hove «Sundag for dei forfulgte». Invitasjonen kan gjerne drøftast med ny sokneprest. Ein mogelegheit er å invitere han til gudstenesta i Leveld 16. november.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 09.09.2025

VEDTAK: Soknerådet er positive til å invitere Opne dører ein sundag til Ål og ber kyrkjevevja og soknepresten fylgje opp mogeleg gjennomføring.

SR-sak 41/25: KYRKJEVERJE BIDRA I KYRKJEBLADET

Saksframlegg:

Kyrkjebladet er eit viktig organ, men har få redaksjonsmedlemmar. Kyrkjevevja tykkjer bladet er eit viktig verktøy til å halde sokna orientert og til å kommunisere med soknemedlemmar og bygdefolket. Med sin utdanning og informasjonserfaring har han forutsetningar for å bidra, så lenge sokneråd og fellelsråd er innforstått med at han då må bruke arbeidstid på dette i ein allereie travel kvardag. Idealet er om mogeleg å få ein fast redaksjon med to frivillige forutan stab, både for å spreie på ansvaret og for å få soknemedlemmar involvert i kyrkja.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 09.09.2025

VEDTAK: Soknerådet støtter at kyrkjevevja bruker arbeidstid til å produsere kyrkjebladet. Soknerådet vil gjere ein innsats for å skaffe endå eit redaksjonsmedlem innan november. Soknerådet ber kyrkjevevja vurdere om det er nok med 3 nummer i året og forberede eventuelt vedtak i neste møte.

SR-sak 42/25: JUBILEUMSBOK ØYSTEIN LAPPEGARD

Saksframlegg:

Øystein Lappegard har initiativ til å lage ei jubileumsbok om kyrkjene i Ål innan 2030. «Kyrkjene i Ål prestegjeld» (1980) vart gjeve ut av dei tre sokneråda i Ål prestegjeld med støtte frå Ål kommune og Aal Sparebank. I framstillinga frå 1980 har ein gjort greie for kvar av dei tre kyrkjene fram til 1980. Dei beklagar i 1980-boka at tida vart for knapp til å gå nøye gjennom arkivstoff. Dette bør ein få nok tid til no, derfor er det viktig å koma i gang.

Det vart før jubileet i 1980 sett ned ei boknemnd med 9 personar. Øystein meiner at mykje kan gjerast som dugnadsarbeid, men det kan hende ein må kjøpe inn særleg kompetanse vedrørende historiske kjelder og fotografisk arbeid. Såleis bør ein ha eit budsjett for arbeidet også før ein er kome så langt at ein må byrje å sjå på tilrettelegging / layout og trykking. Øystein stiller seg til disposisjon.

Soknerådet ynskjer å sjå dette realisert. Må finne midler. Kanskje urealistisk å tene penger, men eit mål å få det realisert og få inn mykje av produksjonskostnaden.

Det økonomiske bør me finne ei løysing på sidan me har godt med tid.

2. oktober planlagt fyrste møte i nemnda.

Prosjektet bør nevast i kyrkjebladet.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 09.09.2025

VEDTAK: Soknerådet takkar for det gode initiativet og gjev mandat til den foreslåtte nemnda å gå i gang med arbeidet. Soknerådet ber Øystein Lappegard og Audun Vestenfor lage ei skisse til framdriftsplan og budsjettramme for ei slik utgjeving. Soknerådet ber fellesrådsleiar og kyrkjeverja undersøkje om fellesrådet har midlar til dette formålet, og undersøkje om det er fond eller instansar me kan få støtte til slike formål.